

HISTORIE: Gangfeltet på Hanehaug er viska vekk og skilta er borte, men det er fra, leis lov å kryssa veggen til fots.



Farleg gangfelt viska vekk

LEIKANGER: – Det ligg ein heilskapsvurdering bak, seier Finn Olav Lilleby, i Statens vegvesen, og grunnleggjend fjerninga av gangfeltet på Hanehaug med nye retningslinjer. – Det er liten gangtrafikk her, dessutan har gangfeltet lege på ei forbiøringsstrekning, og endeleg har me kryssproblemtikk her, seier Finn Olav Lilleby, og konkluderer med at gangfeltet, som no er borte, har vore eit potensielt farleg punkt. – Slik me ser det, er det farlegare at det er der, enn at det ikkje er der, seier han.

Støtte til nytt lagsbygg

AURLAND: Kommunestyret i Aurland vedtok torsdag å gje 800.000 kroner i økonomisk støtte til bygging av nytt lagshus for Aurland Røde Kors. Tilskottet vert utbetalt når bygget er ferdigstilt og godkjent. Bygget er tenkt med ei grunnflate på 240 kvadrat og er kostnadsrekna totalt til kring fem millionar kroner.

Øydeleggingar etter torevêr

SOGN DAL: – I sommar var det eit rimeleg tungt torevêr, og det var masse som vart øydelagt av linjer og trafoar. Eg veit at det er mange i Fardal som slit med mobildekning og øydelagde ting, og eg lurar på om det er nokon fleire som merkar dette problemet, spurde Karen Marie Hjelmeseter (Sp) i formannskapsmøtet torsdag. – Eg har ikkje noko oversyn over dette, og det er eigarane av anlegga som har ansvaret. Det har ikkje blitt meldt inn noko til meg, svarar rådmann Jostein Aanestad.

Fem forenkla førelegg

LÆRDAL: I tida frå klokka 11.30 til 14.00 heldt politiet kontroll i 60-sona på Tønjum på E16. Tre bilførarar fekk forenkla førelegg for å ha køyrt for fort. Høgaste målte fart var 77 km/t. To bilførarar fekk forenkla førelegg for bruk av mobil.

Plan for slakteritomta i november

SOGN DAL: Rådmann Jostein Aanestad orienterte formannskapet torsdag om at reguleringsplanen for slakteritomta truleg kjem til forvaltningsutvalet i november. Då har utklarane eit ønske om snarleg planbehandling og oppstart av ei utbygging.

Frukt og bær skal kasta meir av seg

■ Stor satsing på hagebruket ■ Njøs forvaltar ni millionar

LEIKANGER: Med ni millionar kroner over tre år skal hagebruket i Sogn og Fjordane ta eit nytt langt byks på verdiskaping.

Prosjektet blir styrt frå Njøs i Leikanger, og bak står dei pengesterkaste støttene innan norsk offentleg næringsutvikling, Innovasjon Noreg, SIVA og Forskningsrådet.

Fredag var det kick off, og dagen markerte ikkje berre ei storstila satsing på hagane i Sogn og Nordfjord.

Landbruk også

For første gong er også landbruket på plass innanfor det nasjonale satsingsfeltet ARENA.

– Sogn og Fjordane er første fylket som dreg i gang eit landbruksretta prosjekt innanfor ramma av ARENA, seier Jon Kveine, frå Innovasjon Noreg.

Han seier at fylket har prestert ein godt gjennomarbeidd prosjektplan og at det ikkje har vore vanskeleg å stø det solide programmet.

Njøs har regien

Det er ei prosjektgruppe, med Njøs i spissen, som har utarbeidd planen.

Heile fylket er drege inn i satsinga, såleis er fjorten verksemdar innanfor bær og frukt inviterte til å vera med. Med på laget er også Sogndal, med høgskulen og kunnskapsparke. Prosjektleiaren heiter Håvard Øyrehagen, han får kontor på Njøs.

– Dette skal vera eit aktivt samarbeid mellom nærings- og kunnskapsmiljø, seier Torbjørn Takle, seniorrådgjevar hjå Fylkesmannen.

Kolossal vekst

I neste omgang håpar alle at strevet gjev auka verdiskaping, forutan sjølv sagt ein sterkare regionprofil, eller fylkesprofil, om ein vil.

Hagebrukssektoren har lagt bak seg ein fantastisk vekst siste fem-seks åra. Verdien av den samla produksjonen i fylket har gått frå 60 til 100 millionar kroner sidan 2005.

– Kva er målet for denne satsinga, nye 50 millionar kroner?

– Det er for tidleg å seia kva me oppnår, men det er absolutt



KICK OFF: Det store ARENA-prosjektet for frukt og bær omfattar heile fylket, no er det i gang, i regi av desse, frå venstre Rikard Lysne, Tor Holsen, Merete Stein Harald Hjeltnes, Nina Heiberg, Håvard Øyrehagen og Jon Kveine.

mogleg, seier Torbjørn Takle.

Minst 25 prosent

Jon Kveine seier det slett ikkje er utenkjeleg at ein klarer løfta den samla produksjonen innanfor hagebruket med 25 prosent

deira tre åra prosjektet skal verka.

– Behovet stort for meir frukt og bær

LEIKANGER: – Det er behov for meir frukt og bær, seier Merete Lunde, som representerer Lerum Konserves i prosjektgruppa.

Ho ser fram til å ta i bruk ein

Det ligg ein plan til grunn for korleis dei offentlege midlane skal brukast i perioden. Men seinare kjem naturlegvis etterverknaden av stimulansane

– Me ynskjer få fart på nye aktivitetar, seier Jon Kveine, og opplyser at ARENA-satsinga sine ambisjonar er å etablere

større del av det kolossale potensialet som ligg i hagebrukssektoren her i fylket.

Det er masse uutnyttja ressursar, seier ho, og minner om at produktutvikling også er ei viktig side ved den satsinga som no kjem.

Nytt samarbeid

Men det er eit anna potensial ved den store ARENA-satsinga som også er interessant,

som ligg i ARENA-fokuset.

Det blir prioritert tiltak som skal utvikla næringa vidare.

– Me ynskjer få fart på nye aktivitetar, seier Jon Kveine, og opplyser at ARENA-satsinga sine ambisjonar er å etablere

klyngjer som basis for samarbeid.

Halve landets

– Me skal bli det mest innovative miljøet i landet, seier Stein Harald Hjeltnes, og Richard

Stimulans

Siw Heggedal Longvastøl, frå Innovasjon Noreg, understrekar det siste.

– Aktørane kan vera konkurrantar i råstoffmarknaden, dei ser likevel at dei har

landets samla morelleproduksjon. Denne veksten har gått frå nesten null til dagens volum på tretten år, sidan 1997.

Denne representerer alleie innpå halvparten av

landets samla morelleproduksjon. Denne veksten har gått frå nesten null til dagens volum på tretten år, sidan 1997.

BREI MIKS:

Det er aktørar frå industri, produksjon og forskning med i den store satsinga på bær og frukt i Sogn og Fjordane.



Lysne frå Lærdal nikkar samtykkande.

Han representerer Lærdal Grønt, som tek i mot morelleproduksjonen i Lærdal.

Terje Eggum
terje.eggum@sognavis.no

landets samla morelleproduksjon. Denne veksten har gått frå nesten null til dagens volum på tretten år, sidan 1997.

Denne representerer alleie innpå halvparten av

landets samla morelleproduksjon. Denne veksten har gått frå nesten null til dagens volum på tretten år, sidan 1997.

Må telja

– Alle vil vera taparar, men dei små partia er mest sårbare fordi dei er små, sa Jon Ove Lomheim (V). Han kom med framlegg om å halda fast på 29 i kommunestyret. Venstre fekk berre røystene til SV, Frp og ein frå Ap.

– Færre folkevalde vil gå utover den generelle rekrutteringa til kommunestyret, spesielt for nye grupper, geografisk og kvinner som me må arbeida aktivt for å få opp. Eg registrerer at økonomi ikkje så viktig lenger. Kva som gagnar lokaldemokratiet må telja, sa Lomheim.

– Alle frå KrF og Frp var kumulerte på førehand. Sp hadde kumulert tre og Ap fem representantar. Er det partia



MANGFALD: – Livlegare debatt og politisk mangfald er viktig, sa Jon Ove Lomheim (V), og argumenterte mot fire færre i kommunestyret. Høgre sine Terje Bakke Nævdal og Geir Arne Sandvik dåg ingen problem.

Kuttar fire folkevalde

GAUPNE: Fire færre i kommunestyret gjer at politiske partia får eit stort ansvar for å sikra kvinner og ungdom sikker plass.

– Me må vera tydelegg både i nominasjonen og valkampen slik at me får ei brei rekruttering, sa Ivar Kvalen (Sp) då Luster kommunestyre mot seks røyster vedtok at Luster kommunestyre skal ha 25 representantar etter valet neste år.

Alle som hadde ordet i debatten om å kutta talet på folkevalde i Luster, framheva kor viktig det er at dei politiske partia no tek på alvor at dei har eit ansvar for sikra ein brei representantasjon i kommunestyret.

Må telja

– Alle vil vera taparar, men dei små partia er mest sårbare fordi dei er små, sa Jon Ove Lomheim (V). Han kom med framlegg om å halda fast på 29 i kommunestyret. Venstre fekk berre røystene til SV, Frp og ein frå Ap.

– Færre folkevalde vil gå utover den generelle rekrutteringa til kommunestyret, spesielt for nye grupper, geografisk og kvinner som me må arbeida aktivt for å få opp. Eg registrerer at økonomi ikkje så viktig lenger. Kva som gagnar lokaldemokratiet må telja, sa Lomheim.

– Alle frå KrF og Frp var kumulerte på førehand. Sp hadde kumulert tre og Ap fem representantar. Er det partia

som skal overstyra kven som skal veljast inn? Når det gjeld talet på kvinner, ville det vore to færre kvinner i kommunestyret dersom me hadde hatt 25. Over tid viser det seg at fleire kvinner enn menn er vara. I første periode var dei tre første vara til Ap kvinner. Me kan ikkje kutta talet når me skal rekruttera alle grupper, ungdom og grender.

Ikkje opplagd

– Eg trur ikkje kutt i talet på folkevalde vil gå utover dei små partia, sa Anders Bolstad (Ap).

– Vert det meir demokrati med færre representantar eller vert det mindre demokrati? Eg skal lova det var vitalt kommunestyre då det var 37. Det er ikkje talet som avgjer, men korleis ein legg fram saker og debattar, sa Veum.

– Mykje av det Veum seier var tema hjå oss. Den økonomiske innsparinga er marginal, men det er rett av kommunestyret å vurdere kostnader når me dei komande åra må sjå på fleire område ut frå kostnad. Det er ikkje ei opplagd sak for oss i Sp å kutta talet på representantar, men me finn rett det er rett, sa Kvalen (Sp).

Ikkje dramatisk

– Eg ser det ikkje som mål at alle bygder skal vera representerte. Me i kommunestyret skal representera heile kommunen. Det er korleis me nominerer og engasjerer som avgjer, sa Olaug Høyheim, og gjekk for å kutta til 25.

– For meg gjeld det politisk

mangfald. Med færre representantar vert det færre parti, sa Morten Simonsen (SV).

– Problemet er om partia kumulerer alt for mange i høve til det frie valet. Veljarane får dei politiskarane dei røyster på. Å redusera frå 29 til 25 er ikkje dramatisk. Me sparer 110.000 kroner Det er ikkje mykje pengar, men mange vedtak der me ikkje sparer 100.000 vert store summar over tid, sa Torunn Gauteplass Hønsi (Ap). Ho var oppteken av at dette viser at og dei folkevalde er villig til å gjera sitt når det gjeld å få økonomien i balanse.

– Kanskje ser me oss for mykje attende. Me skal byggja eit Luster for framtida. Partia har ansvar for å få gode politikarar som ikkje berre er grendepolitikarar, sa Bergljot Buskaker (Ap), som ikkje godtek at kvinner skal ryka ut om det vert færre folkevalde.

Sigrd Svartefoss
sigrd.svartefoss@sognavis.no

Hus på Njøs fekk ja

LEIKANGER: Klagen på eit tidlegare nei til bustadtomta på Njøs i Leikanger fekk tommeleien ned hjå rådmannen. Men kommunestyrefleirtalet samla seg om Ap og H sitt motframlegg, som vart banka med ni mot åtte røyster. Det heiter at huset skal plasserast slik at det ikkje kjem i konflikt med utviding av Njøsveggen.